

Emnenr. 85

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stören

Emne: Tradisjoner, Tru og segner
omkring Jeger og Jaktdyr.

Bygdelag. Haukdal

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Sörstua

(adresse): Snöan

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Samtale med fleire.

SVAR

1. Det var inga slov korkkje skriven eller uskriven som sette forbod mot å drepa meir enn ein hadde bruk for. Heller ikkje var det noko forbod mot å drepa sovande vilt.
2. Nei. Straff var ikkje omtala.
3. Söndagsjakt skulle ein helst ikkje driva. Dyra skulle ha helgafred.
4. Skadeskotne eller dyr som var skadde på anna vis måtte ein snarast ta livet av.
5. Ein jeger måtte ikkje la geværet heime. Han skulle også helst gå med uladd gevær til jaktfeltet.
6. Mötte jegeren eit kvinnfolk med forklæ på da kunne han like godt gå heimatt. Sprang det ei svart katte over veggen framfor han kunne han gjerne gå heimatt med det same.
- 7-13. Alt dette er ukjent her.
14. Var det bjönn på ferde serleg i støtertraktene bruka dei å gjera opp eld ute. Somme bruka å ramla på bukjelen. Ein veit også av at det somme stader vart banka inn tett i tett med spiker i fjösdöra slik at björnen stakk labbane sine når han kom og ville inn.
- 15-17 Ukjent her.
- 18.-24 Ukjent her.
25. Fekk ein framand tak i börsa til ein jeger og skaut katt med ho, da var börsa öydelagt.
26. Ein kunne også få börsa öydelagt om ein sjöl skaut katt.
27. Ukjent. 28. Ukjent.
29. Bjönn siste gong i 1909. Ulv 1830-60. Ulven gjorde da mykje skade på husdyr, men björnen berre rak forbi.
30. Gaupa kom hit att under 2. verdenskrigen, og vi har fått fast stamme av gaupe no. Ein er redd for at mange sauer vil falla som offer for gaupene.

Jens Haukdal

17077